



# Fellesforbundet *meiner...*

## Allmenngjering og dekning av reise, kost og losji: Verktøy i kampen mot sosial dumping

I Fellesforbundet er vi tydelege på at norsk arbeidsliv ikkje skal bli undergrave gjennom dumping av lønns- og arbeidsvilkår. Lov om allmenngjering av tariffavtalar er eit viktig verkemiddel mot sosial dumping. Fleire av tariffavtalane våre er allmenngjorde.

Allmenngjeringa har ikkje har fjerna all sosial dumping i Norge. Men den er eit viktig hinder for å sikre at lønningar ikkje blir dumpa under det som er minstenivået i tariffavtalane våre.

- **Frå 1. desember 2018** er allmenngjeringsforskriftene for **skips- og verftsindustrien, byggeplassar, jordbruks- og gartnerinæringane, og hotell, restaurant og catering** vidareført. Dette betyr at det er forbode å lønna nokon under tariffavtalane sine minstesatsar i desse bransjane. Satsane blir justerte kvart år.
- **Reise, kost og losji:** I to bransjar, **verftsindustrien og byggebransjen**, har vi i tariffavtalane våre bestemmingar om dekning av reise, kost og losji (RKL). Det gir arbeidsgivar plikt til å dekke kostnaden når arbeidstakar blir sendt på oppdrag og må bu borte for å jobbe. Også desse bestemmingane er allmenngjorde, men ikkje i si heilheit. Den nye forskifta gjeld berre for reiseutgifter i Norge. I tillegg vedtok også Tariffnemnda å fjerne bestemminga om at arbeidsgivar er pliktig til å betale for eit rimeleg tal heimreiser under oppdraget.

**?** *Kva er allmenngjering?*  
*Allmenngjering betyr å gjere løns- og arbeidsvilkår gjeldande for alle i bransjen, ikkje berre for dei som er dekkja av tariffavtale. Det er ei offentleg nemnd, Tariffnemnda, som vedtar om tariffbestemmingar skal bli allmenngjorde. Det skjer i form av ei offentlig forskrift.*

Fellesforbundet er glad for at dekning av reise, kost og losji innan desse to bransjane framleis er allmenngjorde. Men vi er skuffa over at allmenngjeringa ikkje pålegg arbeidsgivar å dekke reise for arbeidstakarar for den delen av reisa som er utanfor Norge sine grenser.

Fellesforbundet vil på ulike måtar arbeide vidare med å hindre at dette skal bli ein konkurransefordel for utanlandske bedrifter, og å sikre at utanlandske arbeidstakarar på ein eller annan måte får dekkja utgiftene.

**Fellesforbundet** er det største fagforbundet i privat sektor, med meir enn 140.000 medlemmer. Vi organiserer innan industrien, byggebransjen, hotell og restaurant, og innan bilbransjen, i tillegg til fleire andre i privat sektor.

**Besøk oss på [fellesforbundet.no](http://fellesforbundet.no)**